



Olav Hundvin
Nattlandslia 13
5231 PARADIS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1505 - 23/15573

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
26.02.2023

Svar på spørsmål til omgjering av fritidsbustad til primærbustad - gbnr 56/22 Hundvin

Vi viser til din førespurnad datert 16.02.23 om å nytta bygg på gbnr 56/22 til bustad.

Bygg på gbnr 56/22 med adresse Hundvinsvegen 102 er i dag registrert i matrikkelen som våningshus benyttet som fritidshus og kode 163. Bygningskoden viser faktisk bruk av bygget. Normalt sett kan desse bygga registrerast tilbake til våningshus dersom det er aktuelt å ta bygget i bruk igjen til heilårsbruk.

Skjema for søknad om endring av bygningsopplysningar finn du her: [Alver kommune - Endre bygningsopplysningar i matrikkelen](#)

I søknaden må du gjera greie for kvifor du søker om endring. Du kan også gjerne opplysa om kortid bygget vart oppført, kortid bygget sist var i bruk som heilårsbustad og kva vassforsyning og avløpsløyse bygget har. Du må også leggja ved søknaden teikningar (i den grad det fins) og bilete av bygget.

Bygget er registrert med offentleg vatn, privat avløp og feiing. Dei gebyra som kommunen fakturerer vert ikkje endra dersom bygget vert registrert som våningshus. Gebyr for renovasjon og slamtømming, som vert fakturert av NGIR på vegne av kommunen, vil verta dobla (slamtømmingsintervallet vert truleg endra frå kvart 4. til kvart andre år). Kommunen har per i dag ikkje eigedomsskatt.

Ytterlegare spørsmål knytt til gebyr må rettast til kommunen si avdeling Stab og støtte og Nordhordland og Gulen interkommunale renovasjonsselskap, NGIR.

Vi vil elles gjera merksam på at kommunen ikkje nyttar begrepet «primærbustad». Dette er knytt til skatteetaten sine vurderingar. Kva verknad ei endring av bygningskode tilbake til våningshus vil gje skattemessig, må takast opp med skatteetaten direkte.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Olav Hundvin

Nattlandslia 13

5231

PARADIS